

## Huse på Stranda (gnr. 120)

Garden Huse på Stranda i Fåberg skal vera ført under matr.nummer 37 i den gamle matrikkelen, men det har den som skriv dette ikkje hatt høve til å kontrollera. I matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 er namnet skrive Huset, og det er oppgitt at buskapen der av store husdyr da var 4 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 9 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 vart Huse ført under løpenr. 69, og det var da to oppsittarar der. Simen Christiansen budde på løpenr. 69a, som da vrt skyldlagt for 3 ort, og Ole Christen- hadde løpenr. 69b, som vart skyldlagt for 1 ort 6 skilling.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det da om Huse av skyld 3 ort fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje utgjorde 34 mål, og av dette var 10 mål jord av 1.klasse. På løpenr. 69b Huse av skyld 1 ort 6 skl. som da er kalla Olasveen, var dei tilsvarande tal 20 mål og 4 mål. Samtidig er det vidare opplyst at på løpenr. 69a hos Simen Huse var husdyrhaldet da 1 hest, 3 naut, 5 sauer og 2 geiter, og den årlege utsæd var kring 3 tønner korn og 3 tønner settepoteter.

Tre år seinare vart i 1868 løpenr. 69b Olasveen selt av Ole Christensen til Andreas Amundsen Torsgaard for kjøpesum 197 spd.- I mellomtida hadde det i 1882 vore ei skylddelingsforretning på løpenr. 69a hos Simen Christiansen Huse, og dei to parsellane Iverslien og Husemoen vart da fråskilde og selde, Iverslia til Iver Olsen Synstrud og Husemoen til Peder Hansen Taaget.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Huse på Stranda fekk da gardsnr. 120 av samla skyld 1,71 mark, og gardnamnet er i matrikkelen av 1886 skrive Huse. Vidare vart det under grn. 120 Huse ført 4 bruksnummer. Det var: Gnr. 120, brn. 1 Huse av skyld 0,99 mark, som Oluf Kristiansen framleis hadde, brn. 2 Olasveen, skyld 0,36 mark, som Andreas Amundsen Torsgaard framleis var eigar og brukar av, brn. 3 Iverslien, skyld 0,08 mark, eigar og brukar Iver Olsen Synstrud, brn. 4 Husemoen av skyld 0,28 mark, som Peder Hansen Taajet var eigar og brukar av.

To år seinare var i 1888 Oluf Kristiansen Huse død, og arvingane etter han gav da skjøte til Markus Kristiansen på grn. 120 brn. 1 Huse for kjøpesum kr. 250,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 750,-.

Da det truleg kan vera av interesse, tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det da 4 personar med røysterett på og/eller ved Huse og 1 person med røysterett på Husemoen. Det var, på Huse: 2 gardbr. Markus Kristiansen, 41 år, 2, husmor Signe Eriksdr., 41 år, 3 sjølveigar Iver Olsen Iverslien, 75 år, 4. Otto Iversen, sjølveigarson, 27 år; på Husemoen: 1. sjølveigar Ole Iversen, 73 år. Ein merkar seg at røysterettsalderen enda var 25 år.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det altså skjedd dei skifte at Markus Kristiansen hadde overtatt grn. 120, brn. 1 Huse av skyld 0,99 mark. I 1908 var det atter skylddelingsforretning på Huse, og ein parsell brn. 5 Eriksrud av skyld 0,02 vart da fråskilt brn. 1 og selt til Olaf Eriksen for kjøpesum kr. 800,-. Vidare kjøpte i 1919 Gustav Husemoen ein parsell brn. 6 Husemoen n., og Erik Olsen tilhandla seg i 1922 brn. 7 Malerstuen også av skyld 0,02 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 to gardsbruk under grn. 120 med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a.grn. 120 , brn. 1 Huset med eit jordbruksareal på ca. 20 mål, som Nils Kastrud da var eigar og brukar av, b. brn. 4 Husemoen, med eit jordbruksareal på ca. 12 mål, som Simen Tåget var eigar og brukar av.